

ØSTFOLD ENERGI AS
Kalnesveien 5
1712 GRÅLUM

Vår dato: 24.10.2024

Vår ref.: 202319623-10 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Randi Holme og Liz-Helen Løchen

Vedtak om lovbrotsgebyr - brot på manøvreringsreglement - Østfold Energi AS - Borgund kraftverk i Lærdal kommune, Vestland

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) ilegg Østfold Energi AS eit lovbrotsgebyr på 1 000 000 kroner for brot på post 2, tredje ledd i manøvreringsreglementet for regulering av Lærdalsvassdraget.

1. Vedtak om lovbrotsgebyr

NVE ilegg Østfold Energi AS eit lovbrotsgebyr for brot på:

- Post 2 tredje ledd i manøvreringsreglement for Lærdalsvassdraget fastsett i kgl. res. datert 13.02.2009 om å ta i bruk anordning for med øyeblikkeleg verknad å kunne sleppe inn til 12 m³/s forbi kraftstasjonen ved driftsstans eller liknande.
- Lovbrotsgebyret er fastsett til 1 000 000 kroner.
- Faktura vert tilsendt.
- Ved forsinka betaling kan Statens innkrevingsentral krevje renter etter forsinkelsesrenteloven. Dette følgjer av lov om Statens innkrevingsentral § 7.

Vedtaket har heimel i vassdragsreguleringslova § 35¹.

2. Skildring av saka

Det vart gitt konsesjon til regulering og overføringar i Lærdalsvassdraget i kgl. res. datert 7.10.1966. Gjeldande manøvreringsreglement er fastsett i kgl. res. datert 13.02.2009.

Østfold Energi (heretter ØE) eig og driftar Borgund kraftverk som nyttar vatn frå fleire reguleringsmagasin. Kraftstasjonen ligg i fjell, og derifrå går driftsvatnet ut i Lærdalselva.

I post 2, tredje ledd i manøvreringsreglementet for Lærdalsvassdraget står det:

«Konsesjonæren plikter å etablere en anordning ved Borgund kraftverk som ved driftsstans e.l. gjør det mulig med øyeblikkelig virkning å slippe en vassføring på inntil 12 m³/sek forbi kraftstasjonen».

¹ Lov om regulering og kraftutbygging i vassdrag (vassdragsreguleringslova) LOV-1917-12-14-17
E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



Rutinesvikt ved igangsetting av aggregat etter utfall førte til at det ikkje var mogeleg å sleppe driftsvatn ut i Lærdalselva med øyeblikkelig virkning. Dette førte til brå reduksjon i vasstanden i elva, som igjen kan ha ført til stor skade på fiskebestanden i elva i form av stranding.

2.1. Varsel om lovbrotsgebyr

I brev datert 12.02.2024² varsla NVE at vi vurderer å ilegge ØE eit lovbrotsgebyr for brot på post 2 tredje og fjerde ledd i manøvreringsreglementet for Lærdalsvassdraget datert 13.02.2009. ØE har kommentert varselet i brev datert 05.03.2024³ og sendt inn supplerande informasjon i brev datert 16.05.2024⁴ i form av ein ekstern rapport, utarbeidd av Ernest & Young AS (EY).

ØE har peika på at NVE ikkje har vurdert om det er føremålstenleg og riktig med ein sanksjon i saka, og at momenta som er lista opp i forvaltningslova § 46 som skal leggst til grunn i vurderinga, ikkje er vurderte eller grunnlagt i varselet.

NVE vurderer varselet til å vise tydeleg til kva rettsregel vi meiner er broten, lovheimel, og momenta som skal leggst til grunn i totalvurderinga av om vi skal ilegge gebyr. Vi vurderer dette som tilstrekkeleg til at ØE kan ivareta sine interesser på ein forsvarleg måte, jf. forvaltningslova § 16. Dei konkrete vurderingane for å ilegge lovbrotsgebyr følgjer i dette vedtaket.

ØE meiner at vilkåra for å ilegge lovbrotsgebyr ikkje er til stades, og at dette uansett ikkje er ein føremålstenleg reaksjon på hendinga 29.11.2023. ØE peikar og på at NVE sitt varsel byggjer på deira rapport datert 8.12.2023, der vurderinga av årsaka til hendinga og konklusjonane er førebelse. Dei meiner at eit varsel ikkje kan byggje på ein førebels rapport. I kommentaren til varselet datert 05.03.2024 stadfestar ØE at den førebels rapporten gir ei tilstrekkeleg korrekt skildring av dei faktiske omstenda.

2.2. Hending 29. november 2023

30.11.2023⁵ mottok NVE melding frå ØE om at kvelden før, 29.11.2023, stogga eitt av aggregata i Borgund kraftstasjon og at hendinga medførte at det ikkje var mogeleg å sleppe driftsvatn ut i Lærdalselva. I meldinga var det opplyst at situasjonen oppstod kl. 18:30 og at han vart normalisert i løpet av natta.

I rapport datert 8.12.2023⁶ er hendinga skildra meir detaljert. Der er to aggregat i kraftstasjonen og der er installert tre omløpsventilar som gjer det mogeleg å sleppe forbi inn til 12 m³/s slik det er sett krav om i manøvreringsreglementet. I tillegg er der montert røyrbrotsventil i vassvegen.

Då feilmeldinga om at aggregat 2 stogga kl. 18:30, opna dei tre omløpsventilane slik dei skulle, og det vart sleppt vatn forbi kraftstasjonen. Etter feilsjekk av aggregat 2 vart det gitt

² NVE ref.: 202319623-4

³ NVE ref.: 202319623-5

⁴ NVE ref.: 202319623-8

⁵ NVE ref. 202319623-1

⁶ NVE ref.: 202319623-3



beskjed til ekstern driftssentral om at det kunne settast i drift igjen. ØE sitt driftspersonell kommuniserte med den eksterne driftssentralen og ga beskjed om at omløpsventilane måtte stengast i takt med ei roleg oppkøyring av aggregatet. På den eksterne driftssentralen vart settpunktet på aggregatet sett til 100 MW, som samsvarte med køyreplanen den dagen. Aggregat 2 gjekk deretter mot full effekt medan dei tre omløpsventilane stod opne. Samstundes var aggregat 1 i drift med full effekt (100MW).

Kl. 19:34 var aggregat 2 oppe i full effekt. På grunn av at den totale vasshastigheita gjennom sjakta auka vesentleg vart røybrrotsventilen utløyst. Begge aggregata gjekk då til full stans. Sjakta mellom røybrrotsventilen og kraftstasjonen gjekk til ukontrollert tømning fordi omløpsventilane framleis stod opne. Sjakta var tom i løpet av 10 minutt. På grunn av trykkfall i sjakta var det ikkje mogeleg å stenge omløpsventilane manuelt. Det var heller ikkje mogeleg å opne røybrrotsventilen fordi sjakta var tom med vasstrykk på oppstraums side. Det er opplyst frå ØE at omløpsventilane vart stengde kl. 23:35. Frå omløpsventilane vart stengde tek det om lag 18 timar å fylle sjakta kontrollert. Difor var slepping av vatn frå eitt av magasinane vurdert som einaste aktuelle løysing, og dette vart gjennomført. Frå hendinga inntraff til situasjonen var normalisert tok det om lag 8 timar. Vasstandsmåling ved Båthølen viser at vasstanden vart seinka frå 25,22 m³/s til 2,2 m³/s i løpet av om lag 7 timar.

ØE sin førebelse konklusjon om årsaka til hendinga er at aggregat 2 vart køyrd for raskt opp etter stansen:

«Aggregat 1 gikk på 100 MW på tidspunktet aggregat 2 ble kjørt opp. Oversendt kjøreplan var satt til 200 MW. Dette betyr at aggregat 2 skulle blitt startet i tomgang, omløpsventil 1 lukket og aggregat kjørt opp trinnvis iht praktisert rutine. Dette ble ikke utført og det er heller ingen automatikk i dag for styringen av dette.

Østfold Energi mener at om denne rutinen hadde blitt praktisert og omløpsventiler stengt som beskrevet over, som er en sentral del av manøvrering av aggregater under oppkjøring og en rutine som er innarbeidet og praktisert i mange år så hadde denne hendelsen blitt unngått. Vi ser også at implementert prosedyreverk er mangelfullt på dette temaet».

I ØE sine kommentarar til varselet skriv dei: «Rutinene for oppkjøring er altså på plass, men ble av uvisse grunner ikke fulgt slik de skulle». ØE meiner at ingen har skuld i hendinga men omtaler det som ein uheldig rutinesvikt. Dei meiner at manøvreringsreglementet ikkje er brote, og at vilkåra for å ilegge lovbrotsgjebyr ikkje er til stades.

3. NVE si vurdering

3.1 Rettsreglar som er brotne

I varselet datert 12.02.2024 har vi vurdert at det føreligg brot på post 2, tredje og fjerde ledd i manøvreringsreglementet datert 13.02.2009. I vedtak om lovbrotsgjebyr har vi avgrensa brotet til post 2 tredje ledd i manøvreringsreglementet.

I manøvreringsreglementet for Lærdalsvassdraget datert 13.02.2009 post 2, tredje ledd heiter det:



«Konsesjonæren plikter å etablere en anordning ved Borgund kraftverk som ved driftsstans e.l gjør det mulig med øyeblikkelig virkning å slippe en vassføring på inn til 12m³/sek forbi kraftstasjonen»

3.2 Heimel og vilkår for gebyr

Heimel for å ilegge lovbrotsgebyr i saka er vassdragsreguleringslova⁷ § 35. Etter denne bestemminga kan NVE: *«ilegge overtredelsesgebyr etter reglene i forvaltningsloven § 44 til den som forsettlig eller uaktsomt overtrer (...) konsesjon og konsesjonsvilkår, herunder manøvreringsreglement, eller andre enkeltvedtak etter loven»*.

NVE kan ilegge lovbrotsgebyr viss det er dokumentert at den ansvarlege har brote nokon av reglane i vassdragsreguleringslova eller vedtak i medhald av lova og at handlinga/forsømminga vart gjort forsettleg eller aktaust. Det følgjer av vassdragsreguleringslova § 35 tredje ledd at også føretak kan ileggast gebyr sjølv om det ikkje er mogeleg å finne ut nøyaktig kva person som stod for overtredinga, og også der det er fleire personar som til saman har brote ein regel.

Det er opp til NVE å avgjere om vi vil ilegge lovbrotsgebyr når desse rettslege vilkåra er oppfylte, jf. vassdragsreguleringslova § 35 fjerde ledd.

3.3 Korleis NVE vurderer dei faktiske forholda

For at NVE skal kunne ilegge lovbrotsgebyr, må vi kunne dokumentere at ØE har brote lova, underliggende forskrifter eller vedtak.

I rapporten datert 8.12.2023 er det opplyst at etter at aggregat 2 i kraftstasjonen stansa vart omløpsventilane opna slik at det vart sleppt driftsvassføring til Lærdalselva i samsvar med kravet i manøvreringsreglementet. Aggregat 2 vart sett i full drift igjen til maksimal produksjon på 100 MW. Dette førte til at vasshastigheita gjennom sjakta auka vesentleg og at røyrbrotsventilen vart utløyst. Då vart sjakta mellom røyrbrotsventilen og kraftstasjonen tømt ukontrollert, fordi omløpsventilane framleis stod opne. Dette tok om lag 10 minutt. Etter dette var det ikkje lenger mogeleg å sleppe inn til 12 m³/s forbi kraftstasjonen *med øyeblikkeleg verknad* slik vilkåret er, fordi sjakta var tom og vassvegen var stengd.

I denne saka meiner vi at det føreligg klart sannsyn for at ØE har brote post 2, tredje ledd i manøvreringsreglementet for regulering av Lærdalsvassdraget datert 13.02.2009. Det objektive vilkåret for ilegge lovbrotsgebyr er oppfylt.

3.4 NVE si vurdering av dei subjektive vilkåra ved lovbrotet

NVE kan berre ilegge lovbrotsgebyr når det er dokumentert at dei ulovlege handlingane eller forsømmingane er utførte med forsett eller aktaust av ein eller fleire personar som handla på vegne av føretaket. Vi kan ilegge lovbrotsgebyr sjølv om det ikkje har vore mogleg å finne ut nøyaktig kven som stod for lovbrotet. Dette gjeld også der det er fleire personar som til saman har brote ein regel. NVE kan ikkje ilegge lovbrotsgebyr for sokalla

⁷ LOV-1917-12-14-17, revidert LOV.2017-06-21-101



force majeure eller hendelege uhell. Det frittek ikkje for skuld at de ikkje er kjent med dei rettsreglane som er brotne.

Når ei handling er utført med vitande og vilje, vil handlinga vere forsettleg. Forsett skjer sjølv om du/de ikkje er kjent med at handlinga er ulovleg. Den som handlar i strid med kravet til forsvarleg framferd på eit område, er i utgangspunktet uaktsam.⁸

ØE er ein profesjonell kraftprodusent. NVE forventar at selskapet overheld krav i manøvreringsreglementet. Dessutan forventar vi at ein profesjonell kraftprodusent har nødvendig kunnskap i organisasjonen til å drifte dei tekniske komponentane i anlegget i samsvar med vilkåra som er sette, og dei omsyna i vassdraget som skal ivaretakast. Vi forventar og at ØE som ein profesjonell aktør syter for at den eksterne driftssentralen har nødvendig kjennskap til ulike komponentar i anlegget og korleis desse fungerer og påverkar kvarandre.

I denne saka meiner NVE at årsaka til brotet er ein feil ved igangsetting av aggregat 2 etter at dette hadde utfall. Riktig igangsetting av aggregatet ved trinnvis oppstart, slik det står i prosedyren, ville ha gjort det mogeleg å stenge ein og ein omløpsventil og dermed unngått at vasshastigheita gjennom sjakta auka slik at røyrbrotsventilen vart utløyst, med den følgje at det ikkje var mogeleg å sleppe vatn forbi kraftstasjonen.

ØE forklarar at årsaka til hendinga er ei misforståing mellom lokal og ekstern driftsoperatør. Dei meiner at hendinga hadde vore unngått dersom gjeldande rutine for igangsetting av aggregatet hadde vore følgd. I svaret på NVE sitt varsel 29.11.2023 skriv dei:

«Østfold Energi mener at om denne rutinen hadde blitt praktisert og omløpsventiler stengt som beskrevet over, som er en sentral del av manøvrering av aggregater under oppkjøring og en rutine som er innarbeidet og praktisert i mange år så hadde denne hendelsen blitt unngått. Vi ser også at implementert prosedyreverk er mangelfullt på dette temaet. (...) Rutinene for oppkjøring er altså på plass, men ble av uvisse grunner ikke fulgt slik de skulle. Etter vårt syn er det ingen som har skyld i en slik uheldig rutinesvikt, og som vi vil komme nærmere inn på senere, innebærer dette etter vårt syn ikke at verken manøvreringsreglementet er brutt, eller at vilkårene for å ilegge overtredelsesgebyr er til stede».

NVE finn at det ikkje kan leggest til grunn at ØE har etablert rutinar for oppstart av aggregat og viser til opplysningar som har kome inn i samband med den eksterne granskinga frå EY. Der er det identifisert at: *«det ikke forelå noen detaljerte prosedyrer for oppstart av aggregatet fra tomgang, inkludert behovet for sekvensiell lukking av ringventilene, på det tidspunktet hendelsen inntraff. På bakgrunn av den manglende tilgangen til detaljerte prosedyrer for denne prosessen ble ikke omløpssystemet tatt i betraktning da aggregatet ble kjørt opp til normal drift».*

NVE legg vidare til grunn at granskingsrapporten har avdekka at på tidspunktet for hendinga førelåg det ulike oppfatningar blant tilsette ved Borgund kraftverk og den

⁸ Sjå straffelova LOV-2005-05-20-28 §§ 22 og 23



eksterne driftssentralen om funksjonen til omløpsventilane. Altså korleis omløpsventilane fungerer i forhold til igangsetting av aggregatet.

Resultata etter granskinga tyder på at det ikkje er tilstrekkeleg kunnskap hjå enkelte av dei tilsette, både lokalt på Borgund kraftverk og ved den eksterne driftssentralen. Kunnskapsnivået er tilstrekkeleg for den daglege drifta av anlegget, men det har ikkje vore tilstrekkeleg fokus på utføresette hendingar. Den eksterne rapporten har konkludert med at manglande kunnskapsutveksling mellom Borgund kraftverk og den eksterne driftssentralen ser ut til å gjere kraftstasjonen sårbar ved utføresette hendingar.

NVE meiner at ØE burde ha detaljerte prosedyrar for oppstart av aggregatet og at det er dokumentert i saka at slike prosedyrar ikkje låg føre. NVE meiner vidare at ØE burde ha forstått at det førelåg en risiko ved at de ikkje hadde detaljerte prosedyrar for oppstart av aggregatet frå tomgang. Ein slik detaljert prosedyre kunne ha hindra hendinga, og medverka til at ØE kunne ha oppfylt vilkåret om med øyeblikkeleg verknad å sleppe ei vassføring på inntil 12 m³/s forbi kraftstasjonen.

NVE meiner at ØE handla i strid med krav som må kunne stillast til forsvarleg opptreden på området og at dei har opptredd uaktsamt.

NVE meiner kravet til subjektiv skuld er oppfylt.

3.5 Bruk av lovbrotsgebyr

Eit lovbrotsgebyr skal ileggast etter ei samla vurdering. Forvaltningslova § 46 oppgir fleire omsyn som kan vektleggast. I vurderinga av om vi skal ilegge, og korleis vi skal fastsetje lovbrotsgebyret kan desse momenta vektleggast:

- sanksjonen sin preventive verknad
- grovheit i overtredninga, og om nokon som handlar på vegne av føretaket har utvist skuld
- om føretaket ved retningslinjer, instruksjon, opplæring, kontroll og andre tiltak kunne ha førebyggt overtredinga
- om overtredinga er gjort for å fremme føretaket sine interesser
- om føretaket har hatt eller kunne oppnådd fordelar ved overtredninga
- om det føreligg gjentakning
- føretaket si økonomiske evne
- om andre reaksjonar som følgje av brotet vert ilagt føretaket eller nokon som har handla på vegne av det, blant anna om nokon enkeltperson vert ilagd administrativ sanksjon eller straff
- om semje med framand stat eller internasjonal organisasjon føreset bruk av administrativ føretakssanksjon eller føretaksstraff

I denne saka har vi lagt vekt på desse forholda:



Sanksjonen sin preventive verknad

ØE meiner at sanksjon ikkje vil ha preventiv verknad, at det ikkje er grunn til å tru at gebyr er nødvendig for at ØE skal unngå liknande hendingar i framtida. Dei meiner ein sanksjon korkje vil ha individuell eller allmennpreventiv verknad. Difor meiner dei at det ikkje bør ileggast gebyr.

NVE meiner på generelt grunnlag at det er nødvendig å reagere på brot på manøvreringsreglement. Bestemmingane i eit manøvreringsreglement er særleg viktige vilkår. Skadepotensialet for vassdraget ved brot på reglementet er stort. Reaksjon på brot på manøvreringsreglement kan ha ein betydeleg individuell- og allmennpreventiv verknad som reduserer sannsynet for tilsvarende brot, både hjå ØE og elles i bransjen. Dessutan vil det vere føremålstenleg å reagere mot føretak dersom lovbrotet er gjort blant anna med bakgrunn i dårlege rutinar, eller dårleg etterleving av rutinar. NVE meiner det kjem tydeleg fram av dokumentasjonen i saka at årsaka til brotet er dårleg etterleving av rutinar. Difor meiner vi eit gebyr har preventiv verknad.

Grovheit i overtredinga

NVE meiner brotet på manøvreringsreglementet i Lærdalsvassdraget er ei grov overtreding.

På generelt grunnlag vil vi peike på at brot på manøvreringsreglementet i seg sjølv er alvorleg. Vi meiner det er særleg skjerpande i saka at Lærdalselva er eit nasjonalt laksevassdrag der laksen skal ha eit særskilt vern. Laks har status som nær trua på lista over trua arta i Norge i 2021.⁹

ØE er ein profesjonell kraftprodusent. NVE forventar at selskapet overheld krav i manøvreringsreglementet. Vi forventar og at ØE er kjend med Lærdalselva sin status som nasjonalt laksevassdrag og føremålet med denne statusen. Dessutan forventar vi at ein profesjonell kraftprodusent har nødvendig kunnskap i organisasjonen til å drifte dei tekniske komponentane i anlegget i samsvar med vilkåra som er sette, og dei omsyna i vassdraget som skal ivaretaast. Vi forventar og at ØE som ein profesjonell aktør syter for at den eksterne driftssentralen har nødvendig kjennskap til dei vilkåra som gjeld, og til ulike komponentar i anlegget og korleis desse fungerer og påverkar kvarandre.

Kravet i manøvreringsreglementet om å kunne sleppe minimum 12 m³/s forbi kraftstasjonen *med øyeblikkelig verknad* ved utfall er eit funksjonskrav som er sett for å hindre at vasstanden i Lærdalselva går kraftig ned i løpet av kort tid slik han gjorde 29.11.2023. Kravet er sett av omsyn til laks i elva. Konsekvensen av brå reduksjon i vasstanden er mogeleg stranding av fisk og tørrlegging av gyteområde.

Kunne lovbrutar ha førebygd lovbrotet ved ulike tiltak

NVE meiner ØE kunne ha førebygd lovbrotet ved å sikre god opplæring av personell, både lokalt og ved den eksterne driftssentralen. I rapport dater 8.12.2023 ha ØE skildra korleis aggregat 2 skulle vore sett i gang etter utfallet. Det kjem fram i den eksterne granskinga

⁹ <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021?Area=N>



utført av EY at årsaka til brotet er ein kombinasjon av operasjonelle feil, kombinert med tekniske og organisatoriske svakheiter.

Den eksterne granskinga konkluderer med at den direkte årsaka til hendinga var ein operasjonell feil ved igangsetting av aggregatet. Det er opplyst i rapporten at ved utfall av eit av aggregat vert omløpsventilane opna automatisk. Omløpsventilane lukkar seg derimot ikkje automatisk. Lukking av ventilane må skje manuelt for å halde vasstanden stabil. Feilen skjedde då omløpsventilane ikkje vart teke omsyn til ved igangsetting av aggregatet som hadde utfall. Vidare viser granskinga at det er avdekka manglande teknisk forståing av korleis komponentane i systemet heng saman, og korleis dei påverkar kvarande. Det er i tillegg avdekka manglar i høve til klar ansvars- og arbeidsfordeling mellom Borgund kraftverk og den eksterne driftssentralen, særleg i situasjonar der det vert meldt om feil utanom normal arbeidstid. Det er og identifisert manglar når det gjeld tilgang på oppdaterte prosedyrar og rutinar.

NVE meiner med bakgrunn i dette at brotet kunne ha vore unngått ved utarbeiding av detaljert prosedyre for igangsetting av aggregata frå tomgang som presiserer behovet for sekvensiell lukking av omløpsventilane. NVE meiner og at betre opplæring som sikrar at både eige driftspersonell og tilsette på ekstern driftssentral har kunnskap om korleis dei tekniske komponentane er innretta, og korleis dei påverkar kvarandre.

Er lovbrotet gjort for å fremme lovbrytar sine interesser

Hendinga er eit resultat av at prosedyren for igangsetting av aggregat ikkje er tilstrekkeleg presis, og heller ikkje vart følgd. Konsekvensen var rask reduksjon av vasstanden i Lærdalselva. NVE meiner at den raske reduksjonen i vasstanden i Lærdalselva ikkje er gjort for å fremme ØE sine interesser.

Har lovbrytar hatt, eller kunne han, oppnådd fordel ved lovbrotet

NVE meiner ØE ikkje har oppnådd, eller kunne ha oppnådd fordelar ved hendinga.

Finst det gjentakning

4.september 2017 gjekk vasstanden i Lærdalselva brått ned. NVE melde saka til politiet som seinare henla saka. NVE avslutta saka utan vidare reaksjon i 2023. NVE ser på dei to hendingane som uavhengige, og har ikkje lagt vekt på gjentakning i vurdering av om vi skal ilegge lovbrotsgjbyr, eller i utmåling av storleiken på gjbyret.

Lovbrytar sin økonomiske evne

NVE har innhenta økonomiske opplysingar om Østfold Energi AS frå www.purehelp.no og den økonomiske stillinga er vurdert til å vere god.

På bakgrunn av vurderingane ovanfor meiner NVE at bruk av lovbrotsgjbyr er ein rimeleg reaksjon. Etter ei samla vurdering ilegg NVE Østfold Energi AS lovbrotsgjbyr i denne saka.

3.6 Gjbyret sin storleik

Vi viser til vurderingane i avsnittet ovanfor. Ved fastsetting av gjbyret i denne saka har vi lagt særleg vekt på grovheita i lovbrotet, at lovbrotet kunne ha vore unngått ved



opplæring og instruksjonar av personell med ansvar både lokal i driftsorganisasjon ved Borgund kraftverk og den eksterne driftssentralen, og føretaket si økonomiske evne.

NVE meiner hendinga med rask reduksjon i vasstanden i Lærdalselva er eit alvorleg brot. NVE meiner det er særleg skjerpande at Lærdalselva er ei nasjonalt laksevasdrag der laksen skal ha eit særskilt vern.

I vurderinga av økonomisk evne har NVE lagt vekt på at et gebyr skal ha tilstrekkeleg preventiv verknad og kunne merkast, samtidig som det ikkje skal vere urimeleg eller uhøveleg.

Etter ei total vurdering fastset NVE lovbrotsgebyret etter skjønn til **1 000 000** kroner.

4. Om betaling av lovbrotsgebyr

ØE skal betale gebyret til kontonummer 7694 05 08971. Innbetalt gebyr fell tilbake til statskassa.

Gebyr er tvangsgrunnlag for utlegg etter tvangsfullbyrdingslova¹⁰ § 7-2 bokstav e, jf. vassdragsreguleringslova § 35 andre ledd.

5. Klage på vedtaket

Denne avgjerda kan klagast på til Energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga har kome fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk oversending til den sentrale e-postadressa vår nve@nve.no.

Vi gjer merksam på at innbetaling av gebyr skal skje uavhengig av eventuell klage, med mindre klaga blir gitt utsettande verknad. Utsettande verknad betyr at iverksetjinga av vedtaket blir utsett til klaga er avgjort. Å gje ei klage utsettande verknad kan vedtakast etter krav og i samsvar med forvaltningslova § 42.

Med helsing

Kristian Markegård
Direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

¹⁰ LOV-1992-06-26-86



Mottakarliste:

ØSTFOLD ENERGI AS

Kopimottakarliste:

LÆRDAL KOMMUNE

MILJØDIREKTORATET

STATSFORVALTAREN I VESTLAND



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.